



Helgesen Tekniske Bygg AS
Valestrandsfossen
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/422 - 16/13740

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

07.12.2016

Avslag på søknad om mellombels bruksløyve tilbygg til næringsbygg gbnr 108/88 Lindås

Administrativt vedtak. Saknr: 254/16

Tiltakshavar: Goman Rognaldsen AS

Ansvarleg søkjar: Helgesen Tekniske-Bygg AS

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Vi viser til søknad om mellombels bruksløyve 27.04.16 samt påfølgjande korrespondanse. Vi viser vidare til vårt skriv datert 20.06.16 der det vart gjeve frist til 01.10.16 med å levere inn Statens vegvesen si endelege godkjenning av avkøyrsla til gbnr. 108/88 mfl. Vi viser og til Statens vegvesen sitt brev datert 20.10.16.

Då vilkår gjeve i rammeløyve datert 15.07.15 ikkje er dokumentert stetta ligg ikkje tilhøva til rette for å utstede mellombels bruksløyve for tilbygg til næringsbygg godkjent i administrative vedtak: Vedtak i Plan- og miljøutvalet datert 10.06.16. saknr. 090/15, dispensasjon frå plankrav. Saknr. 252/15, rammeløyve datert 15.07.15. Saknr. 356/15, igangsettingsløyve datert 25.08.15.

Vi finner det betenkeleg å gje mellombels bruksløyve når avkøyrsla ikkje er opparbeidd og godkjent av vegstyresmakt. Mellombels bruksløyve kan ikkje verte gjeve før vilkår sett i rammeløyve er oppfylt. Det kan ikkje søkast om dispensasjon frå vilkåra.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det ikkje gjeve mellombels bruksløyve for tilbygg til næringsbygg på gbnr. 108/88. Søknaden vert avslått.

Vilkår gjeve i rammeløyve datert 15.07.15 er ikkje dokumentert stetta.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/422

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Gorman Rognaldsen AS

Veråsvegen 234 5955

LINDÅS

Mottakarar:

Helgesen Tekniske Bygg AS

Valestrandsfossen 5281

VALESTRANDSFOSSEN